



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 16.04.2020
Møtestad: Teams-møte
Møtetid: 13:30 - 14:30 - Elektronisk møte på Teams

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Atle Dag Utkilen	BIA	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Monika Thorpe	AP
Morten Sognnes	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Idar Johan Hopland	AP	Varamedlem
Magnus Kvingedal	H	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Liv Løvvik, Monika Kvamme, Peter Kubon, Rolf-Henning Myrmel, Thomas Lindås

Austrheim 17. april 2020

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
028/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/20	Godkjenning av møteprotokoll
030/20	Orienteringssak
031/20	Forlenga forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar
032/20	Smittevernlegens vurdering av idrettsaktivitet - Korona - frå 15. april

028/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

16.04.2020 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy sa at det er vanskeleg å overhalda utsendingsfristar for desse ekstramøtene. Det er gjerne saker der kriseleiinga vil ha kommunestyret med seg på noko, eller det er saker som kjem frå statleg hald.

Det er elles sendt ut beskjed til kommunestyret om møte framover.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 028/20 - 16.04.2020 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

029/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

16.04.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

KS - 029/20 - 16.04.2020 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent.

030/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

16.04.2020 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Bjørnar Fjellhaug, orienterte om korleis Austrheim kommune planlegg oppstart i barnehage og skule etter Korona-stenging. Kommunen er i rute for opning av barnehagar måndag 20. april, med mellom anna oppdeling i mindre grupper for å oppfylle krav til smittevernet. For skulane som skal opna 27. april ventar ein på den statlege rettleiaren som kjem 20. april.

Kommunen jobbar med å få reinhaldet på plass, og jobbar også med å henta inn ressursar til skule og barnehage som til dømes studentar og andre som kan ta på seg oppgåver. Både for barn og vaksne er det krav om at ein skal vera frisk når ein skal vera i skule og barnehage (fri for symptom på luftvegsproblem, og ikkje vore sjuke siste døgn).

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det var betryggande å høyra korleis kommunen jobbar med dette.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte korleis det er ved smitte i heimane, om barna då skal i barnehage eller på skulen.

Bjørnar Fjellhaug svara Ulvøy, og sa at om det er smitte i heimane så skal alle i karantene, og ikkje møta i skule/barnehage. Vaksne med luftvegssymptom skal ikkje henta/levera i barnehage.

For 17. mai 2020 vart det orientert om korleis feiringa kan verta. Kulturavdelinga i kommunen tek med seg 17. mai-komiteane på dei to skulane for å jobba med dei ideane ein har per no, og få inn nye tips, for å få til ei feiring som tek omsyn til smittevernet.

Handsaming i kommunestyret:

Sams for å ta orienteringane til vitande.

KS - 030/20 - 16.04.2020 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

031/20: Forlenga forbod om overnatting i fritidsbustad, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar

Rådmannen sitt framlegg:

- Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.

- Vedtaket gjeld frå 15.04.2020 og har ei varigheit på 7 dagar, i tråd med Smittevernlova § 4-1d

- Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.

- Vedtaket gjeld til 20. april.

- Vedtaket er i tråd med Smittevernlova § 4-1d.

16.04.2020 KOMMUNESTYRET

foreslått av:

- Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.
- Vedtaket gjeld til 20. april.
- Vedtaket er i tråd med Smittevernlova § 4-1d.

Kommunalsjef service og forvaltning, Thomas Lindås, orienterte om saka. Han vore i kontakt med Fylkesmannen med tanke på varigheit av vedtaket, og Fylkesmannen ønskjer at ein heldt seg til grensa på 20. april som er sett nasjonalt. Fylkesmannen stiller også spørsmål ved om ei forlenging til tida etter 20. mai kan grunnjevast i smittevernlova.

Ordførar Per Lerøy (Ap) ba om at ein endrar vedtaket til 20. april som er sett nasjonalt, så får ein eventuelt vurderer dette vidare seinare. Kan ikkje gjera vedtak som Fylkesmannen reknar som ulovleg.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at det er bra at det er gjort ei juridisk vurdering av vedtaket. Dette er eit inngripande tiltak, som ein ikkje bør strekka lengre enn ein må.

Kommunelege Peter Kubon sa at han er samd i at 20. april er rett dato å sleppa opp, sidan det er likt med statlege pålegg.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det framleis er viktig å halda på reglar om avstand, handvask, med meir. Har klart oss utan smitte i Austrheim så langt, og vil ha det slik vidare.

Per Lerøy (Ap) sa at KLL vil vurderer dette fortløpande i sine møte, som per no er tre kvar veke.

Inger Lise Brekke (H) sa at ein må sjå dette opp mot Alver kommune med felles legevakt der, sidan ein del av grunnlaget er press på lokal legevakt.

Peter Kubon svara at så langt har ikkje legevakten hatt eit uoverkommeleg press. Alt i alt har dette gått veldig fint så langt, og det er nok fornuftig å stoppa forbodet når ein kjem over helga.

Inger Lise Brekke (H) spurte om vedtaket er likt med Alver, og om det bør vera likt med Alver.

Kommunelege Kubon sa at det er greitt med ulike vurderingar enn Alver sidan det er lengre avstandar frå legevakten og til Austrheim, også sett opp mot at legevaktbilen ikkje vert kjørt av utrykkingspersonell i denne perioden.

Møtesekretæren opplyste i møtechatten at kommunelegen i Alver har gjort tilsvarende vedtak gjeldande i sju dagar frå den 11. april.

Inger Lise Brekke (H) sa at ho gjerne ville halda seg likt med Alver og opna for bubilar, camping frå 18. april.

Rådmann Liv Løvvik sa at den første helga etter påske, der det er meldt flott vêr, er det greitt å halda på avgrensinga. Austrheim kan få stor tilstrøyming denne helga.

Ordførar Lerøy spurte kommunestyret om det er OK å ha stenginga til og med den 20. tilsvarende det som Fylkesmannen har sagt er lovleg og den statlege avgrensinga (hytteforbodet).

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for nytt framlegg den dato er endra til den 20. april.

KS - 031/20 - 16.04.2020 - Vedtak:

- Austrheim kommune vedtar at det er forbode med overnatting i fritidsbustader, campingvogner, fritidsbåtar og bubilar i Austrheim for dei som ikkje har folkeregistrert adresse i kommunen. Forbodet gjeld ikkje personar som nyttar dette til pendlarbustad i samband med yrkes- og arbeidsutføring.
- Vedtaket gjeld til 20. april.
- Vedtaket er i tråd med Smittevernlova § 4-1d.

032/20: Smittevernlegens vurdering av idrettsaktivitet - Korona - frå 15. april

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret støttar smittevernlegen sine retningslinjer, gjeldande frå 15. til 21. april, og vedteke av KKL tysdag 14. april:

1) Dei generelle statleg fastsette reglane gjeld, om å halda minst to meter avstand til andre, og ikkje vera i grupper på over fem personar.

2) Skular og barnehagar er stengde til og med høvesvis 27. april (skular) og 20. april (barnehagar). Dette for å unngå kontakt mellom menneske, og oppfylla dei statlege reglane nemnde i punkt 1. Denne stenginga omfattar også vanleg bruk av idrettsanlegga i kommunen, som fotballbaner, basseng med garderobar, ballbingar, skuleplassar og gymsal/idrettshall.

Fotballbaner og ballbingar er ikkje stengde for all bruk. Men ein må etterleva dei generelle reglane om fem eller færre i kvar gruppe, og minst to meter mellom kvar utøvar. Ballspel må ein unngå. Sjå elles Norges Fotballforbund sine eigne reglar for fotballaktivitet som tar omsyn til smittevernet, mellom anna at ein ikkje skal duellera om ballen, ikkje ta på ballen, og ikkje heada ballen.

16.04.2020 KOMMUNESTYRET

Smittevernlege Peter Kubon orienterte om saka. Han sa at tiltaka kan verka rigide, men i ein situasjon med opning på fleire område kan det komma ny smitte til kommunen.

Inger Lise Brekke (H) sa at ho synest vedtaket er for detaljert. Kunne tenkt seg at det var sett opp ein plakat med illustrasjonen frå fotballforbundet, den viser godt korleis ein skal forstå tiltaka.

Ordførar Per Lerøy sa at han støttar dette, møtesekretæren får i oppgåve å skriva ut og få det hengt opp.

Rådmann Liv Løvvik sa at det er ikkje ønskje om å vera for streng, men ein ser at reglane ikkje vert overhaldne. Det er bra å henga opp illustrasjon som er nemnt, slik at ein i alle fall viser korleis det skal overhaldast. Ber om at det også vert lenka til dette frå heimesida.

Inger Lise Brekke (H) spurte om barnehage og skule har prioritet på ballbingar og baner når desse tilboda opnar igjen.

Rådmann Løvvik svara at når barnehage og skule opnar igjen, så har dei prioritet på ballbingar og baner.

Ordfører Lerøy sa at han oppfattar at folk flest er flinke til å etterleva dei retningslinjene som er gitt.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg.

KS - 032/20 - 16.04.2020 - Vedtak:

Kommunestyret støttar smittevernlegen sine retningslinjer, gjeldande frå 15. til 21. april, og vedteke av KKL tysdag 14. april:

1) Dei generelle statleg fastsette reglane gjeld, om å halda minst to meter avstand til andre, og ikkje vera i grupper på over fem personar.

2) Skular og barnehagar er stengde til og med høvesvis 27. april (skular) og 20. april (barnehagar). Dette for å unngå kontakt mellom menneske, og oppfylla dei statlege reglane nemnde i punkt 1. Denne stenginga omfattar også vanleg bruk av idrettsanlegga i kommunen, som fotballbaner, basseng med garderobar, ballbingar, skuleplassar og gymsal/idrettshall.

Fotballbaner og ballbingar er ikkje stengde for all bruk. Men ein må etterleva dei generelle reglane om fem eller færre i kvar gruppe, og minst to meter mellom kvar utøvar. Ballspel må ein unngå. Sjå elles Norges Fotballforbund sine eigne reglar for fotballaktivitet som tar omsyn til smittevernet, mellom anna at ein ikkje skal duellera om ballen, ikkje ta på ballen, og ikkje heada ballen.
